

Høyringsinnspel til skulestrukturen i Innlandet fylke

Når krubba er tom bitst hestane er eit gammalt ordtak. Når fylkestinget har kome med forslag om massiv nedleggjing av skular, fortrinnsvis i utkantane, set det sinna i kok.

Høgst forståeleg.

Dette ser vi godt her i Nordalen, og det er vondt å sjå at sel-verane legg breisida til for å leggje ned Dombås og Lom i håp om å berge eige skinn.

Slike haldningar tener ingen, og aller minst sel-verane sjølve. Det kjem ei tid etter denne skulesaka og kva slags samarbeid skal vi få da?

Trioen på topp i fylkestinget vil ikkje ha tome pultar og tome skulerom. Det er vel ingen som vil ha? Så kvar er det?

Ottadalen har ein særdeles god skule i Lom. Dei har den beste fullføringsgraden i heile fylket, ja eg vil tru den kjem høgt på landsbasis og. Kvifor er det slik?

Det er eit unikt arbeidsmiljø på skulen der lærarane jobbar saman for å hjelpe den einskilde elev på best mogleg vis. Alle lyfter kvarandre opp og det gjev positive resultat.

Det er ikkje verken tome pultar eller tome klasserom i Lom. Det vil det heller ikkje bli i overskueleg framtid, sidan Lom er kjent for kvalitet.

Så kvifor står Lom på lista over skular som bør leggjast ned? Er det for å fylle opp tom pultar i byen? I så fall er det naturleg å sjå på skulane og strukturen nettopp der, i byane.

Fylkesvaraordførar Hanne Alstrup Velure kjem frå Lesja og kjenner til lange avstandar. På Lesja har ikkje ungane noko val, dei fleste må på hybel etter ungdomsskulen, eller køyre langt med buss. Ivertfall i år sidan Dombås ikkje har elevar dette skuleåret.

Vi har ein solid skule i Lom som gjer at ungane våre kan velja. Skal dei ikkje unnast det? Alle barn burde få velja ein vidaregåande skule i nærleiken av seg. Då kan det ikkje kuttast i utkantane. Då må de heller sjå på meir sentrale strøk og byane, der skulane ligg tett. Såpass tett at skulevegen ikkje blir så mykje lengre om liner må slåast saman på skulane.

At vi har ein vidaregåande skule betyr og mykje for næringslivet i både Lom og Skjåk, kanskje i Vågå og.

Byggelevane har praksis her og blir kjent i bygdene og med mange snekkerfirma. Dei blir verande. Det er ei bransje som stadig treng folk.

Mange av elevane i Lom jobbar ofte kveldar/helger i ymse bedrifter. Dei blir kjent med yrkeslivet og får ei sterkare tiknytning til bygdene våre enn om dei hadde vore langt borte på skule og sjeldnare heime. Dei blir stadbundne!

Om dei dagpendlar til Otta blir det ikkje tid til stort anna enn lekser etter ein lang busstur før og etter skuletid.

Tre timar med buss kvar dag blir det, frå Bismo, fire frå Bråtå. Er dette verkeleg til barnets beste?

Nei, det er det ikkje. Barn har krav på ei viss mengde fritid, det er lovpålagt, og busskys er ikkje fritid.

Ein annan ting skulen i Lom sikrar er tilflytting. Familiar kjem til ny jobb i Lom eller Skjåk med den viten at dei slepp å senda ungane sine på hybel når den tid kjem. Det er no fleire som alt har yttra seg om at dei kjem ikkje hit dersom skulen blir borte.

Det er rett ut sagt dårleg distriktspolitikk.

Men det er kanskje ikkje noko fylkestinget befattar seg med...

Legg de ned skulen i Lom vil det falle frå fleire elevar. Kva kostar kvar elev som ikkje fullfører skulen?

Kor mange tenkjer de er greit at fell utanom?

For det vil skje Eit godt arbeids-og skulemiljø er ikkje noko lærarane tek med seg frå ein skule til ein annan. Det sit at i veggane.

Underteikna har tidlegare vore med i ulike styr og stell, blant anna kommunestyre, kyrkjeleg råd og allmeningsstyret.

Det viktigaste eg lærte der var å seta meg godt og grundig inn i sakene som skulle handsamast.

Eg vil tru at same regelen gjeld på fylkesplan?

DE er valt for å ivareta heile fylket, ikkje berre Hamar og omegn.

Sjå på konsekvensane av det de vedtek.

Lom er ein liten skule. Men det er ein særdeles god skule, ein av dei beste. Sats på den. Utvid den med liner som bygdene våre treng, slik som til dømes reiseliv, friluftsliv, matfag..

Med det er vi godt rusta for framtida og til det beste for elevane.

Med beste helsing

Mona Haugen Grimstad

Skjåk

